

SAK 30/15 SØKNAD OM TILSKOT, «REGIONALT LEIARSTØTTEPROGRAM FOR SKULELEIARAR»

Saksopplysing

Nes kommune søker om totalt kr. 720.800 til eit felles program for kommunane i Hallingdal, for utvikling og leiarstøtte for leiarar i oppvekstsektoren, vedlegg 1 (dat. 13.5.2015).

Oppvekstsektoren i Hallingdal samarbeider om eit felles program for perioden 2015 - 2017. Utgangspunktet er at dei administrative oppgåvene krev så mykje at det er ei utfordring for leiarar å halde seg oppdatert og motivere/utvikle personalet også fagleg.

Med bakgrunn i regionale utfordringar, er det peika ut tre definere innsatsområde som skuleleiatar må vere fagleg rusta på og som alle har auka læringsutbytte for elevane som fellesnemnar:

1. *Tilpassa opplæring/læring: alle kommunane i Hallingdal har eit omfang av spesialundervisning som ligg høgt over gjennomsnittet. Systemarbeid, endra arbeidsmetodar og meir bruk av analyseverktøy vil kunne redusere behovet for spesialundervisning.*
2. *Vurderingsarbeid: undervegsvurdering er all vurdering av elevarbeid frå 1.trinn og fram til sluttvurdering på 10.trinn. Undervegsvurdering er ein reiskap i læreprosessen og gir grunnlag for tilpassa opplæring.*
3. *Læreplanarbeid/planaarbeid: Det er ikkje gjort systematisk læreplanarbeid i Hallingdal sidan Kunnnskapsløftet i 2006. Dette er eit ressurskrevjande arbeid, der systematisk og godt leia regionalt samarbeid er ein føresetnad for å utvikle og dele gode læreplanar. Fylkesmannen er i gang med nasjonalt tilsyn på desse innsatsområda.*

Det bli peika på at berre gjennom felles regional samordning og prioritering vil ein kunne gjennomføre dei oppgåvene oppvekstsektoren er sett til å løyse.

«For skuleigar blir leiarstøtteprogrammet eit viktig styringsverktøy og rammeverk i arbeidet med skulebasert kompetanse- og kvalitetsutvikling. Metodikken i programmet vil vere lærende nettverk, lærande møte og skulevandring. Møteplassar/læringsarena vil m.a. vere fagsamlingar for skuleleiatarar, regionale nettverk på ulike nivå, bruk av regionale planleggingsdagar og deltaking på kurs/konferansar for leiarar. Programmet er utvikla i dialog med Høgskulen i Buskerud og Vestfold samt utviklingsrettleiarar tilsett av Fylkesmannen. Programmet har ei stipulert ramme på ca 3,9 mill. delt på tre år, medrekna eigeninnsats.» **Sjå side 10 i programmet.**

Kommunane sin del (utgifter og eigeninnsats) er rekna til vel 3 mill. kroner.

Prosjektet har fått støtte frå KS på kr 140.000 til foredragshaldarar i 2015 og det vil bli søkt om midlar for 2016 og 2017 når det er mogeleg.

Det regionale skuleigarforumet i Hallingdal (skulefagleg ansvarlege/oppvekstsjefar) er ansvarlege for gjennomføring av opplegget.

Vurdering

Det er positivt at oppvekstsektoren i Hallingdal ser nytten av eit konkret samarbeid på tvers av kommunegrenser. Regionalt leiarstøtteprogram for skuleleiatarar har dagleg leiar ikkje føresetnadar for å vurdere i forhold til omfang og innhald, men har stor tiltru til at det er gjort gode vurderingar.

Når det gjeld eventuell bruk av regionale utviklingsmidlar til denne type tiltak kan det vera ei prinsipiell drøfting. Er dette type «interne» tiltak som kommunane bør finansiere? Kva kan konsekvensane bli i forhold til andre sektorar i kommunane?

Forslag til vedtak

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Ål 18.5.2014

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Søknad dat. 13.5.2015
2. Leiarstøtte, handlingsplan, feb. 2015

Søknad

Søknadsnr.	2015-0141	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Regionale utviklingsmidler i Hallingdal			
Prosjektnavn	Regionalt leiarstøtteprogram for skuleleiarar			

Kort beskrivelse

Oppvekstsektoren i Hallingdal samarbeider om eit felles program for utvikling og leiarstøtte for sine leiarar i perioden 2015 - 2017. Som fagleg ansvarlege såg me at barnehage- og skuleleiarane står i eit stort arbeidspress, der dei administrative oppgåvene krev så mykje at det er ei utfordring for dei å halde seg oppdatert og motivere/utvikle personalet også fagleg. Krav om kvalitetsutvikling og implementering av statlege program og prosjekt stiller store krav til leiing og gjennomføringskraft.

Prosjektbeskrivelse

Med bakgrunn i regionale utfordringar i denne perioden, må skuleleiarar vere fagleg rusta på tre definere innsatsområde som alle har auka læringsutbytte for elevane som fellesnemnar:

1. Tilpassa opplæring/læring: alle kommunane i Hallingdal har eit omfang av spesialundervisning som ligg høgt over gjennomsnittet. Systemarbeid, endra arbeidsmetodar og meir bruk av analyseverktøy vil kunne redusere behovet for spesialundervisning.
 2. Vurderingsarbeid: undervegsvurdering er all vurdering av elevarbeid frå 1.trinn og fram til sluttvurdering på 10.trinn. Undervegsvurdering er ein reiskap i læreprosessen og gir grunnlag for tilpassa opplæring.
 3. Læreplanarbeid/planarbeid: Det er ikkje gjort systematisk læreplanarbeid i Hallingdal sidan Kunnnskapsløftet i 2006. Dette er eit ressurskrevjande arbeid, der systematisk og godt leia regionalt samarbeid er ein føresetnad for å utvikle og dele gode læreplanar.
- Fylkesmannen er i gang med nasjonalt tilsyn på desse innsatsområda.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nes kommune Org.nr:964951640	Rukkedalsvegen 46 3540 NESBYEN	-
Kontakt-person	Hanne Brunborg	Nes kommune Rukkedalsvegen 46 3540 NESBYEN	99696480
Prosjekt-leder	Eldgrim Springgard	Ål kommune 3570 ÅL	93237236

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Det var planlagt å søke på regionale skjønnsmidlar, men sidan Fylkesmannen i Buskerud ikkje støttar andre tiltak enn det som er knytta til kommunesamslåing i 2015 så fall den planlagte søknaden bort.

Vi har fått støtte frå KS på kr 140.000 til foredragshaldarar i 2015 og vil søke for 2016 og 2017 når det

er mogeleg. Men det er behov for meir i "friske midlar" for dette 3-årige programmet, skal vi få gjennomført dette slik vi ønskjer. Difor søker vi også desse regionale utviklingsmidlane.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Oppvekstsektoren i Hallingdal samarbeider om eit felles program for utvikling og leiarstøtte for sine leiarar i perioden 2015 - 2017. Som fagleg ansvarlege såg me at barnehage- og skuleleiarane står i eit stort arbeidspress, der dei administrative oppgåvene krev så mykje at det er ei utfordring for dei å halde seg oppdatert og motivere/utvikle personalet også fagleg. Krav om kvalitetsutvikling og implementering av statlege program og prosjekt stiller store krav til leiing og gjennomføringskraft. Berre gjennom felles regional samordning og prioritering vil me kunne gjennomføre dei oppgåvne oppvekstsektoren er sett til å løyse.

For skuleigar blir leiarstøtteprogrammet eit viktig styringsverktøy og rammeverk i arbeidet med skulebasert kompetanse- og kvalitetsutvikling. Metodikken i programmet vil vere lærende nettverk, lærande møte og skulevandring. Møteplassar/læringsarena vil m.a. vere fagsamlingar for skuleleiarar, regionale nettverk på ulike nivå, bruk av regionale planleggingsdagar og deltaking på kurs/konferansar for leiarar. Programmet er utvikla i dialog med Høgskulen i Buskerud og Vestfold samt utviklingsrettleiarar tilsett av Fylkesmannen. Programmet har ei stipulert ramme på ca 3,9 mill. delt på tre år, medrekna eigeninnsats. Sjå side 10 i programmet.

Prosjektmål

Med bakgrunn i regionale utfordringar i denne perioden, må skuleleiarar (rektor/inspektør) vere fagleg rusta på tre definere innsatsområde som alle har auka læringsutbytte for elevane som fellesnemnar:

1. Tilpassa opplæring/læring: alle kommunane i Hallingdal har eit omfang av spesialundervisning som ligg høgt over gjennomsnittet. Systemarbeid, endra arbeidsmetodar og meir bruk av analyseverktøy vil kunne redusere behovet for spesialundervisning.
2. Vurderingsarbeid: undervegsvurdering er all vurdering av elevarbeid frå 1.trinn og fram til sluttvurdering på 10.trinn. Undervegsvurdering er ein reiskap i læreprosessen og gir grunnlag for tilpassa opplæring.
3. Læreplanarbeid/planarbeid: Det er ikkje gjort systematisk læreplanarbeid i Hallingdal sidan Kunnnskapsløftet i 2006. Dette er eit ressurskrevjande arbeid, der systematisk og godt leia regionalt samarbeid er ein føresetnad for å utvikle og dele gode læreplanar. Fylkesmannen er i gang med nasjonalt tilsyn på desse innsatsområda.

Forankring

Opplæringslova §9-1 Leiing: Opplæringa i skolen skal leiast av rektor. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda.

Udir.no, Forskning viser 01/2013: Tydelig lederskap gir gode elevprestasjoner

Strategisk plan for Hallingdal: Andre satsingsområder: Bidra til gode interkommunale løysingar for tenesteproduksjon.

Kompetanse er elles eit generelt satsingsområde og er ein viktig faktor i både rekruttering og busetting. Gode skuleleiarar er ikkje alltid så enkelt å rekruttere eller behalde.

Prosjektorganisering

Det regionale skuleigarforumet i Hallingdal (skulefagleg ansvarlege/oppvekstsjefar) er ansvarlege for

gjennomføring av opplegget. Desse rapporterer til rådmannen i kvar kommune.

Samarbeidspartnere

Fylkesmannen sine utviklingsrettleiarar og Høgskulen i Buskerud og Vestfold er viktige samarbeidspartar, men det er også dialog med KS om dette programmet.

Aktiviteter

Sjå vedlagte program.

Målgrupper

Leiarstøtteprogrammet omfattar både barnehageleiarar og skuleleiarar (rektorar/inspektørar), samt interkommunale PPT-tenester for øvre og nedre Hallingdal. NB! Men i denne søknaden om midlar er det særskilt skuleiardelen me søker om midlar til.

Resultat

Sjå vedlagte program.

Effekter

Sjå vedlagte program.

Tids- og kostnadsplass

Tidsplan

Sjå vedlegg 2 - handlingsplan.

Kostnadsplass

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Bidrag frå andre (KS)	140 000					140 000
Kommunane sin del (utgifter og eigeninnsats)	900 900	1 048 000	1 079 500			3 028 400
Leiarnettverk - vikar- og møteutgifter	65 000	68 000	72 000			205 000
Leiarsamling - utgifter for deltakarar	48 800	52 000	55 000			155 800
Regionale kursdagar - utgifter for deltakarar	120 000	120 000	120 000			360 000
Sum kostnad	1 274 700	1 288 000	1 326 500			3 889 200

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Kommunane sin del (utgifter og eigeninnsats)	900 900	1 048 000	1 079 500			3 028 400
KS -tilskot (er innvilga, uviss for 2016/2017)	140 000					140 000
Søknadssum/Buskerud fylkeskommune	233 800	240 000	247 000			720 800
Sum finansiering	1 274 700	1 288 000	1 326 500			3 889 200

Geografi

615-Flå, 616-Nes, 617-Gol, 618-Hemsedal, 619-Ål, 620-Hol

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Leiarstøtte - handlingsplan (feb 15).pdf	134 515	13.05.2015
Leiarstøtte - handlingsplan (feb 15).pdf	134 515	13.05.2015

Handlingsplan, Utvikling og leiarstøtte i Hallingdal, 2015 – 2017

- Program for utvikling og leiarstøtte 2015-2018 har ein eigar. Programeigar er dei barnehage- og skulefaglege i Hallingdal.
- To arbeidsutval, eitt for barnehage og eitt for skule, får i oppgåve å planlegge og koordinere innhaldet i leiarsamlingar, nettverk og regionale plandagar. Medlemene i arbeidsutvalet arbeider på «dugnad» og denne oppgåva må gå på omgang.
 - Arbeidsutval skule 2015: Ellen Wang Fredriksen, Ingebjørg By Teigen, Hanne Brunborg, Eldgrim Springgard
 - Arbeidsutval barnehage 2015: Eva Markegård, Karin Heiene, Wenche E. Olsen

	2015			2016			2017			
	Barnehage	Barnetrinn	Ungdomstr.	Barnehage	Barnetrinn	Ungdomstr.	Barnehage	Barnetrinn	Ungdomstr.	
Leiarsamling Drift og utvikling		26. og 27. januar Tema/innhald: Skulevandring - metode Vurdering/læreplanarbeid			februar/mars Tema/innhald: Lærande møte og nettverk - metode	februar/mars Tema/innhald: Skulevandring - metode Vurdering/læreplanarbeid		februar/mars Tema/innhald: Planarbeid i barnehage	februar/mars Tema/innhald: Skulevandring - metode Vurdering/læreplanarbeid	
Lærande nettverk Utvikling	KUPP okt. 2 dagar	Felles Løft: mai 1 dag august 1 dag okt. 1 dag	UiU: 4. mars og eitt haust-15 med utv.v.l.	KUPP okt. 2-3 dagar Ped.leiarstøtte jan. ½ dag	Felles Løft: januar 1 dag mars 1 dag mai 2 dagar sept.. 2 dagar nov. 2 dagar	UiU: 2 per semester	KUPP okt. 2-3 dagar Ped.leiarstøtte jan. ½ dag	Felles Løft: januar 2 dagar Fellesdag: Nasjonale prøver	UiU: 2 per semester	
Leiarnettverk Drift	Minst 1 gong i året (leiarsamling)	Minst 2 gonger i året (leiarsamling)	6 møte i året (leiarsamling)	Minst 1 gong i året (leiarsamling)	Minst 2 gonger i året (leiarsamling)	6 møte i året (leiarsamling)	Minst 1 gong i året (leiarsamling)	Minst 2 gonger i året (leiarsamling)	6 møte i året (leiarsamling)	
Regional plandag Utvikling	KUPP- oppfølging	Felles Løft (ekstra dag i august)					Den gode samtalen	Felles Løft april (ekstra)		
		Felles Løft	Vurdering og læreplanarbeid	KUPP- oppfølging	Felles Løft	Vurdering og læreplanarbeid	KUPP- oppfølging	Vurdering og læreplanarbeid	Vurdering og læreplanarbeid	
Kommunale leiarmøte Drift og utvikling	Tid til drift og utvikling Oppfølging av leiarsamling	Tid til både drift og utvikling Skulevandring oppfølging av leiarsamlinga			Tid til drift og utvikling Oppfølging av leiarsamling	Tid til både drift og utvikling Skulevandring oppfølging av leiarsamlinga		Tid til drift og utvikling Oppfølging av leiarsamling	Tid til både drift og utvikling Skulevandring oppfølging av leiarsamlinga	

Drift og utvikling

Utvikling

Drift